



DET NORSKE TEATRET



AVG. STRINDBERG
FVRVSVD. JVLII. 1899. RITADT AF HANS
GAMLE VÅN. O.L.

Lykke-Pers reise

Eventyrspel i 5 akter av

August Strindberg

Til norsk ved Hartvig Kiran

Musikk: Finn Ludt

Sett i scene av Barthold Halle

Dekorasjonar: Arne Walentin

Barthold Halle

Med «Lykke-Pers reise» gjestar Barthold Halle for første gong som instruktør på Det Norske Teatret. Seinare i sesongen set han opp «Historia om Vasco».

Barthold Halle høyrer til den yngre garden av norske instruktørar som kom inn i teaterarbeidet i åra etter krigen. Han var med ved Studioteatret, til dels som regiassistent for den inspirerande teatermannen Sam Besekov. Seinare arbeidde han mange år ved Rogaland Teater før han kom til Oslo, der han etter kvart slo igjennom som free-lancer instruktør. Han har gjort mange fine ting, han har scenisk fantasi og lett handlag, og han finn gjerne fram til ei stilisert, ukonvensjonell og unaturalistisk form, i pakt med sterke tendensar i moderne teater. Av ting han har løyst på ein serleg lykkeleg måte i den siste tida kan ein nemne Haugtussa-programmet ved Festspela i Bergen og «Peer Gynt» på Riksteatret.

Vi ynskjer han velkomen som gjest på Det Norske!


Bjarne Andersen

Etter to år som teatersjef i Stavanger står Bjarne Andersen atter på scenen i Det Norske Teatret der han før har tolka mange store roller, dramatiske og komiske, med myndig kunstnarleg kraft, og der han som instruktør har havt framsyningar av fin kvalitet.

Vi ynskjer både skodespelaren og instruktøren velkomen attende!

Lykke-Per

Det er eit underleg stykke, skrive i tre-fire ulike stilslag. Det byrjar som eventyrspel, går over til stilisert satire hos «den rike mannen», og då omsetjaren, Hartvig Kiran, kom til scenen på torget, kjende han seg mest overtydd om at det måtte vera Strindberg som hadde lese Brecht, og ikkje motsett. I scenen «ved havsens strand» kjem nokre vers. Både i tone og stil minner dei mest om parti i dei store vandringsdrama som Strindberg skreiv lang tid seinare. Eventyrstilen i «Lykke-Per», med trolling



Barthold Halle

og kvervingsnummer på scenen, har ytre sett ein bakgrunn i teaterkonvensjonar som fanst då stykket vart skrive. Merkeleg nok var det kanskje frå revyen Strindberg fekk dei mange ideane. Sceniske fiff av alle slag var på moten i revyane i Stockholm den gongen, og det gjekk jamvel ein revy der ramme-idéen var at ulike miljø vart sedde «frå det høge» — gjennom tårnpluggen i eit kyrkjetårn — plent som i fyrste biletet i «Lykkeper». Om det kunne sjå ut som denne hamen kring det diktarlege stoffet var nokō tilfelleleg vald, synte Strindberg i si seinare utvikling at forma var hans eiga. Den eldre Strindberg såg underlege teikn og gjeringar ikring seg i det røynelege livet, og for han var det normalt å ha kring seg statuar som kunne tala og menneske som vart borte for augo på ein.

Dei spreidde elementa i «Lykke-Per» blir haldne saman av den serskilde strindbergske klo: evna til å sjå røyndomen kvast råkande, og til å gje han att med ei lita omskriving, slik at jamvel hendingar og ting som synest kvardagslege, får

ei løyndomsfull meining; dei kjem til å fortelja om eit slag dult mønster som får avgjerande innverknad på livsgangen til hovudpersonane. I vår oppsetjing av «Lykke-Per» (vi er både glade og litt skræmde ved tanken på at det er den fyrste i Noreg) har vi late liggje ein del av dei ytre effektane som Strindberg har brukt berre for di han fann dei i dei sceniske konvensjonane som hørde hans tid til. Derimot har vi freista ta vare på den slags under som retteleg har ein funksjon, jamvel om dei middel vi bruker, kanskje er andre en dei som vart nytta då stykket vart til.

Vi kan elles berre ynskje *god reise* med «Lykke-Per». Han får alle sine ynske oppfylte; men han blir vonbroten både over rikdom, makt og ære. I motsetnad til namnebroren Peer Gynt endar han si vandring med ei svært nøktern vedkjening: ein må akseptere både godt og vondt her i livet, men har ein evna og viljen til å arbeide, vera heiderleg, og til å ikkje elske *berre seg sjølv*, er lykka ikkje langt unna. Per endar som eit svært menneskeleg menneske. Men før han kjem så langt, skal vi fylgje han gjennom mangt eit vrengjebilete av menneskesamfunn og sjå veikskapar som visst er like aktuelle som nokon gong.

God tur!

Barthold Halle.



Finn Kvalem



Joachim Calmeyer



Marit Bolling

Vi ønskjer med dette

Marit Bolling og *Joachim Calmeyer* velkomne på scenen i Det Norske Teatret!

Marit Bolling slo igjennom med Anne Frank på Folke-teatret for eit par år sidan. Ho har og gjort fleire andre fine ting, der og på Oslo Nye Teater. På Det Norske Teatret skal ho m. a. spela Nina i «Måken» og Marguerite i «Historia om Vasco».

Joachim Calmeyer kjem frå Rogaland Teater, og det har gått gjetord om fleire store roller han har hatt der. Han spela såleis den unge hovudpersonen i «Finn veien Engel». På Det Norske Teatret blir første store rolla hans i «Måken», den unge Konstantin Trepljev.

Lykke-Per

Eventyrspel i fem akter av A. O. H. V. W.

Til norsk av H. A. Holten

Musikk: F. J. A. Brøgger

Sett i scene av B. A. Holten

Dekorasjonar: Arne Walentin

Dei som er med:

Lykke-Per
Nille
Nisse
Tomtegubben
Gamlingen i tårnet
Alvekona
Lisa
Hushovmeisteren
Likningsmannen
Advokaten
Supplikanten
Rettstenaren
Venen I
Venen II
Veninna
Gapestokken
Statuen
Skomakaren
Hans
Liktornskjeraren
Vognmakaren
Slektingen
Bruleggjaren

ts teise

GUST STRINDBERG

tvig Kiran

n Ludt

hold Halle

- Kostyme: Randi Skahjem

..... *Finn Kvalem*
..... *Björg Uatle*
..... *Eric Heed*
..... *Asbjørn Toms*
..... *Nils Hald*
..... *Elisabeth Bang*
..... *Marit Bolling*
..... *Alf Sommer*
..... *Kåre Wicklund*
..... *Paal Rieber*
..... *Bjørn Sothberg*
..... *Ragnar Olason*
..... *John Birkehoel*
..... *Tom Tellefsen*
..... *Elsa Lystad*
..... *Kåre Wicklund*
..... *Rolf Söder*
..... *Bjarne Andersen*
..... *Bjørn Sothberg*
..... *Ragnar Olason*
..... *Helge Essmar*
..... *Joachim Calmeyer*
..... *Tom Tellefsen*

Framhald neste side.

Borgarmeisteren	<i>Øyvind Øyen</i>
Ei kvinne av folket	<i>Elsa Isefjær</i>
Ein mann av folket	<i>Johan Holst</i>
Ein gamal mann	<i>Eric Heed</i>
Riksheraldikaren	<i>Ragnar Olason</i>
Hoffmarskalken	<i>Helge Essmar</i>
Hoffpredikanten	<i>John Birkehoel</i>
Vesiren	<i>Alf Sommer</i>
Hoffpoeten	<i>Joachim Calmeyer</i>
Songarinna	<i>Elsa Lystad</i>
Rikshistorikaren	<i>Kåre Wicklund</i>
Brura	<i>Björg Vatle</i>
Døden	<i>Joachim Calmeyer</i>
Vismannen	<i>Henrik Børseth</i>
St. Laurentius	<i>Johan Holst</i>
St. Bartolomeus	<i>Tom Tellefsen</i>
Røysta til Likbåra	<i>Øyvind Øyen</i>
Røysta til Sopelimen.....	<i>Rolf Søder</i>

1. bilete I tårnkammeret
2. » I skogen
3. » Hos Rikmannen
4. » Eit torg
5. » Eit orientalsk palass
6. » Ved havsens strand
7. » Kirken

Pause etter 4. bilete

Regissør: Paal Rieber

August Strindberg og «Lykke-Pers reise»

«Lycko-Pers resa» høyrer til Strindbergs ungdomsskodespel, og vart til i 1881—82, etter oppmoding frå den unge drivande sjefen for Nya Teatern i Stockholm, Ludvig Josephson, som nokre år i førevegen hadde vore sjef for Christiania Theater, og gjort ein sterk innsats for det nye norske drama, m. a. med uroppføringa av «Peer Gynt». Det er mogeleg at den vellykka premieren på det norske eventyrspellet har fått både Josephson og Strindberg på tanken om å få til ein svensk pendant til «Peer Gynt». I alle høve merkar ein sterk påverknad både i eventyrstemninga og dei to hovudfigurane. Per og Lisa-paret har mykje likskap med Peer og Solveig.

Likevel greidde den unge Strindberg å leggje så mykje av eige liv og eigne tankar i dette spelet, at det fullt ut vart hans eige originale verk. «Lycko-Pers resa» er det fyrste av hans «vandringsdramaer», og det har eit mykje lysare fargespektrum enn dei seinare sterkt filosofisk-pessimistiske «Till Damaskus», «Ett drømspel» og «Stora landsvägen». Men ein merkar alt i dette ungdomsstykket hans ei draging mot det dulde metafysiske i eventyrverda, som peikar framover mot hans manndoms storverk. Jamvel i desse lykkelege ungdomsåra kunne han ikkje unngå å sjå det flagrande forgjengelege i all livsutfalding — bak lykka lurar sorga og bak sigrane og triumfane den beiske tvil og desillusjon. Like vel er livssynet i «Lycko-Per» optimistisk, på same vis og i same ånd som Goethes «Faust» er det: det gjeld om å stride mot det vonde og negative, setja truge arbeid inn mot tvil og fortjoning. Den som gjer det gode for det gode si skuld, han får si løn, jamvel om han ikkje når det han drøymde om. Berre kjærleiken kan ingen vinne med strev og god vilje, han kjem fyrst når hugen er skirsla og lutra, og jakta på lykka og fåfengda er bytt ut med audmjukskap og sannkjenning av dei evige verdiar som løyner seg på botnen av livsmysteriet.

«Lycko-Per» var eit av dei få Strindberg-stykke som vann suksess i heimlandet hans alt ved urpremieren (1883). «Åskådarna jublade, till och med maskinmästaren inropades,

men tidningarna var ljumma», fortel Gunnar Ollen om verk-
naden av denne premieren. Og seinare har stykket jamt vore
spela med stor framgang på svenske teater, m. a. i 1915—16
på Svenska teatern med den unge Gösta Ekman i hovudrolla.
I utlandet har stykket vore mindre påakta, truleg av di det
på så mange vis er meir sersvensk enn dei fleste andre
Strindberg-drama.

Det er fyrste gongen stykket blir spela av eit norsk teater.

Olav Dalgard



Arne Walentin



Elisabeth Bang




Alf Sommer



Nils Hald



Bjarne Andersen



Henrik Børseth



Randi Skahjem



Finn Ludt

Spelplanen frametter:

Sigrid Undset:

KRISTIN LAVRANSDATTER

I

Kransen

II

Husfrue

Georges Schehadé:

HISTORIA OM VASCO

Ugo Betti:

MANNEN SOM KOM

Anton Tsjekov:

MÅKEN

Udare på spelplanen:

Bert Brecht: DEN KAUKASISKE KRITSIRKELEN

August Strindberg: EIT DRAUMSPEL — Antonio Buero Vallejo (ny spansk dramatikar): BRENNANDE MØRKE

William Shakespeare: ROMEO OG JULIE

Henrik Ibsen: PEER GYNT — Euripides: MEDEA

OSLO NYE TEATER

i oktober

Françoise Sagan:
«SLOTT I SVERIGE»

Søndagsmatiné
«FUGLEN I LA PLATA»
av Magne Thorsen.

Barneteatret
(i Folketeaterbygningen)
«ROBINSON OG KONGEN»

NATIONALTHEATRET

spiller for tiden:

Hovedscenen:

«DON JUAN»

Komedie av Molière.

Regi: Arne Thomas Olsen.

«HEDDA GABLER»

Skuespill av Henrik Ibsen.

Regi: Olafr Havrevold.

«CLERAMBARD»

Komedie av Marcel Aymé.

Regi: Knut Thomassen.

Premiere: 16. oktober.

«AN-MAGRITT»

Johan Falkbergets

«Nattens brød»,

dramatisert av Ellen Isefiær.

Regi: Ellen Isefiær.

Premiere: ca. 7. november.

Lille-scene:

«SKYGGEN AV MART»

Skuespill av Stig Dagerman.

Regi: Gerda Ring.

Premiere: 12. oktober.

«LØFTER

OM KJÆRLIGHET»

Skuespill av Helge Hagerup.

Regi: Aud Richter.

Urpremiere: ca. 25. oktober.

«MR. ASPERNS

ETTERLATTE PAPIRER»

Skuespill av Michal Redgrave.

Regi: Jørn Ording.

Premiere: ca. 15. november.

BLI MED I
Venner av
DET NORSKE TEATRET

Føremålet med laget er å samle kvinner og menn over heile landet til ein vennering om Det Norske Teatret for å verne og styrkje dette teatret.

Medlempengane er kr. 50,00 for året for folk som bur i Oslo og nærmaste omland, elles i landet kr. 25,00. Lag o. l. betaler kr. 50,00.

Føremonene er: Medlemskortet gjev rett til 2 billetter til 3 framsyningar. Kortet gjeld og til premierar, og medlemene har da rett til å kjøpe billettane 1 dag før det vanlege salet tek til.

Innmelding til postgirokonto 16 257 eller til Kristian IV's gt. 4, eller tlf. 33 77 21.